



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 OSLO

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
14/3684		67147/2014/U43	Gunhild Dahle	28.10.2014

## Svar på høyring av forslag om oppheving av forskrift om fordeling og avgrensing av produksjonskapasiteten i lakseoppdrettsnæringa

Fylkesutvalet behandla saka på møte 27.10.14. Vi oversender her saksframlegg og protokoll frå behandlinga av saka:


### Behandling i Fylkesutvalet - 27.10.2014

#### Votering:

Kulepunkt 1 og 2 vart vedteke med 10 mot 3 stemmer. H stemte mot.  
Kulepunkt 3 vart samrøystes vedteke.

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ein ikkje bør fjerne forskrift om fordeling og avgrensing av produksjonskapasiteten innan lakseoppdrett for å verne om lokalt eigarskap av naturressursane våre og lokal verdiskaping.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at dersom ein opphevar forskrifta som set krav om verdiskaping lokalt, vil mange kystsamfunn risikere å tape viktige arbeidsplasser, verdiskaping og rekruttering til havbruksnæringa. Tilbakeføring av verdier til samfunn som stiller fellesskapet sine areal i kystsona til disposisjon for havbruk er ein nøkkelfaktor for å vidareutvikle havbruksnæringa til ei av dei viktigaste framtidsette næringane for Noreg.
- Møre og Romsdal fylkeskommune ser at havbruksnæringa er heilt avhengig av gode areal for å drive berekraftig, og vi ser at det vil bli vanskeligare å få innpass i kommunene til gode havbruksareal dersom lokalsamfunnet får lite igjen for havbruk.

Med helsing



Jon Aasen  
fylkesordførar



Frank Madsøy  
Ass. regional- og  
næringssjef

#### Vedlegg

- 1 Saksframlegg
- 2 Protokoll